



Styreleiar, Hans Gustav Mussland, er godt nøgd med besøkstalet i båthamna og kommenterer ein merknad om nivået på hamneleiga.

Uskedalen.no har motteke ein merknad frå båteigar Bengt Nordahl-Pedersen frå Os om nivået på hamneleiga i Uskedalen. Han kom med sin 37 fots motorbåt til Uskedalen i førre veke, reagerte på prisen, som var kr. 350,- inkl straum pr. døger. Han valde å gå til Rosendal med ei tilsvarande hamneleige på. kr. 250,-. Då kjem straum i tillegg. Det utgjør maks kr. 20,- i døgeret. Styret i Uskeal Båtlag har drøfta merknaden frå Nordahl-Pedersen og styreleiar, Hans Gutav Mussland, kommenterer saka slik:

Uskedal Båtlag har merka lite til at hamneleiga har noko å sei for besøkstalet. Døgnprisen er sett med bakgrunn i vedtak på årsmøte og ligg på det nivået som er brukt i andre hamner det er naturleg å samanlikna seg med. Båtlaget har gode tilbakemeldingar frå sine gjester. Det er god tilstrøyming av båtgjester i det fine veret og alle set stor pris på plassen, naturen, nærheten til SPAR butikken og andre sentrumsfunksjonar.

Styret i Uskedal Båtlag er takksam for tilbakemeldingar og har merka seg kommentaren frå Bengt Nordahl-Pedersen. Av eit tenkt tal på 100 brukarar vil det alltid vera nokre få med eit anna syn. Dei aller fleste vil til Uskedalen og kjem tilbake år etter år.

Uskedal Båtlag har Servicebygg og ei stor aktivitetsflate for rekreasjon, leik og spel. Den nye Strandstova er klar og kan brukast av alle som ynskjer det,- familiar, einskildpersonar og grupper. Uskedal Båthamn er primært ei medlemshamn, men har nokre gjesteplassar som ein service og tilleggssfunksjon.

SPAR Uskedalen har same leigestatsane for dei som brukar kaiane deira. Det same gjeld for Husnes Båthamn. Styret er merksam på prisane i ulike hamner og vil evt. gjera tilpassingar på eit seinare tidspunkt.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kristian Bringedal/Thor Inge Døssland



USKEDAL BÅTLAG

HAMNELEIGE pr DØGN

Alle prisane er inkludert strom.

Inntil 36 fot: kr 250,-

37- 49 fot: kr 350,-

Frå 50 fot: kr 500,-

VIPPS: 114762

Eksisterande hamneleige i Uskedal Båtlag si hamn.